

Byggmeister Godfred Bakke utfører i disse dagar vedlikehaldsarbeid på Bygdetunet Rød. Det gjeld ny bordkledning på smia og byte av kledning mot nord på røykstova. Dessutan må ein sjå over og fornya takrennene der dette trengst.

Dei gamle husa på Rød ligg utsett til for skade. Dette ser vi kvart år når vinterstormane bryt ned greiner frå dei store bøketrea på tunet.

Ei viktig oppgåve vert å få skore ut og tynna desse trea for å hindra større skader på bygningsmassen.

Det same gjeld på Haugland skulemuseum. Eit større tre på den gamle skuleplassen må tynnast eller fjernast.

I tillegg til arbeidet på Rød, skal Bakke laga ny dørstokk på den gamle skulestova.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal